


NY SAMARBEIDSAVTALE / VEDTEKTER  
FOR  
IKT SAMARBEIDET MELLOM  
KOMMUNANE I SUNNFJORD OG YTRE SOGN



## Arbeidsgruppa sitt forslag til styremøte 8.05.09:

### VEDTEKTER

for Sunnfjord og ytre Sogn *IKT – heretter kalla SYS IKT*, gitt med heimel i kommunelova § 27 og etter vedtak i kommunane Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Høyanger og Gulen (Gulen kommune tiltrer samarbeidet som fullverdig medlem 2.halvår 2009).

#### **Bakgrunnen for avtalen**

Kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn (SYS) har gjennom fleire år samarbeidd om delar av IKT løysingane. Kommunane har gradvis auka bruken av IKT i kommunal forvaltning og tenesteproduksjon. For SYS kommunane vil det framover bli satsa ytterlegare på bruk av IKT i effektivisering og forbetring av dei kommunale tenestene.

Summen av alle områda det vert nytta IKT løysingar til er i dag svært breitt og det er mange ulike fagsystem i kvar kommune. Dei fleste kommunane har få brukarar for kvart system, men samstundes eit system som krev den same drifta og kompetanse som om det hadde vore fleire brukarar.

Både breidda, eit aukande tal maskiner og stadig meir komplekse system gjer at den enkelte kommune ikkje kan stå åleine med desse oppgåvene. Samla sett vil dei framtidige oppgåvene vere av ein slik karakter at det vil vere trong for meir spesialisert kompetanse enn det som har vore tilfelle tidlegare.

For å møte desse utfordringane vart det frå 1.01.05 inngått avtale om eit utvida IKT-samarbeid mellom kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn. Denne nye samarbeidsavtalen er eit resultat av drøftingar i styret, konsultasjonar med KS og studie av andre kommunesamarbeid på IKT-området.

#### **§ 1 HEIMEL, OPPRETNING M.V.**

1. Desse vedtektene er fastsette i medhald av kommunelova sin § 27 nr. 1.
2. SYS IKT er eit interkommunalt samarbeid oppretta for og av kommunane Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Høyanger og Gulen.
3. Samarbeidet er underlagt kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket elles i samarbeidet.
4. SYS IKT har hovudkontor i Førde.

#### **§ 2 RETTSLEG STATUS**

1. SYS IKT er eit eige rettssubjekt.

### § 3 FØREMÅL, OMFANG OG AVGRENŚING

1. Samarbeidet skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester i deltakarkommunane.
2. Samarbeidet skal ivareta deltakarkommunane sine oppg ver knytt til drift, service og utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.
3. Samarbeidet kan ogs  ivareta slike oppg ver for andre enn deltakarkommunane innafor dei rammene som styret fastset.
4. IKT samarbeidet skal mellom anna omfatte f lgjande tenester:

✓ *Helpdesk*

Eit felles senter der brukarane rapporterer inn problemstillingar. Enkel feilretting og prioritering.

✓ *Sikkerheitsl ysing*

Vidaref re den felles sikkerheitsl ysinga ein har i dag og utarbeide felles retningslinjer for datatryggleik.

✓ * konomil ysing*

Vidaref re den l ysinga ein har i dag, men driftsorganisering og brukarst tte b r vurderast n rare i lys av oppretting av helpdesk og nye roller.

✓ *Lisensar*

Oppg va med felles lisensadministrasjon vert tillagt SYS IKT, under dette kartlegging av alle lisensar, reforhandling av avtalane med leverand rane samt koordinering av nye lisensavtalar.

✓ *Innkj p*

Oppretting av ein felles innkj psordning som vert koordinert av SYS IKT.

✓ *Drift og vedlikehaldsansvar*

SYS IKT f r drifts- og vedlikehaldsansvar for IKT-utstyret i medlemskommunane.

✓ *Nye felles system*

For   oppn  stordriftsfordelar ved enklare drift og l gare lisenskostnader b r det over tid bli f rre system. Behov for nye system skal leggst fram for styret med sikte p  at ein i st rst mogleg grad skal velje fellesl ysingar.

Det n rare innhaldet i dei tenestene som IKT-samarbeidet omfattar, vil f lgje av serviceniv avtalane.

\* *Plikter etter Personopplysingslova (Databehandlaravtale)*

SYS IKT pliktar   behandle personopplysingar fr  den enkelte kommune i SYS slik at krav til konfidensialitet, integritet, tilgjengelegheit og kvalitet er ivareteke etter Helseregisterlova § § 16 og 18, Personopplysingslova § 13 og Personopplysningsforskrifta § 2-15.

Det er den enkelte kommune sitt ansvar å sjå til at SYS IKT si informasjons-sikkerheit er tilfredsstillande. Om sikkerheitsnivået ikkje er tilfredsstillande pliktar SYS IKT å justere sikkerheitsnivået etter instruks frå den enkelte kommune.

#### 5. Avgrensingar

Samarbeidsavtalen fråtek ikkje deltakarkommunane det ansvaret dei har etter lov, forskrift og anna regelverk innanfor dei tenestene og oppgåvene som samarbeidet omfattar, t.d. rekneskap, økonomiplan, budsjett, løn og fakturering.

Kvar einiskild kommune er ansvarleg for at eigen driftskompetanse og personalressursar er forsvarleg.

Dersom ein kommune ikkje innordnar seg fellesløysingane, må kommunen sjølv ta det økonomiske ansvaret for vedlikehald og drift og eventuelle andre konsekvensar som måtte oppstå som følgje av dette.

### § 4 ORGANISERING

1. SYS IKT skal ha eige styre som skal ha det administrative og organisatoriske ansvaret for drifta av samarbeidet.
2. Samarbeidet skal ha ein dagleg leiar med administrativt og fagleg ansvar for drifta av samarbeidet.
3. Styret kan opprette eit arbeidsutval blant styret sine medlemmer med nærare definerte oppgåver.

### § 5 STYRE

1. Styret skal vere samansett av rådmennene / administrasjonssjefane i eigarkommunane eller den han/ho peikar ut, og ein representant frå dei tilsette. Rådmennene peikar sjølv ut sine vararepresentantar.
2. Styremedlemane skal ha ei røyst kvar.
3. Styret vel sjølv leiar og nestleiar. Rådmannen i Førde, ev. vedkomande sin oppnemnde representant, skal anten vere leiar eller nestleiar av styret. Styreleiar syter for innkalling til møte etter fastlagt møteplan, så ofte leiaren finn det nødvendig eller når minst 2 medlemmer krev det, likevel slik at det blir halde minst 2 møte i løpet av året.
4. Styret er vedtaksført når Førde og minst 5 andre medlemmer er tilstades. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal, blir saka avgjort med leiaren si røyst.

### § 6 STYRET SINE OPPGÅVER

1. Styret leier SYS IKT ut frå kommunelova, desse vedtektene og samarbeidet sitt avtaleverk.

2. Styret prioriterer oppgåvene til SYS IKT og vedtek sjølv økonomiplan, budsjett, strategi-/ verksemdsplan, rekneskap og årsmelding. Budsjettet er først endeleg godkjent når det har vore handsama i den einskilde deltakarkommunen.
3. Som grunnlag for utviklings- og forbetningsarbeidet, skal styret organisere ein årleg IKT-strategisamling.
4. Styret skal sjå til at SYS IKT sitt rekneskap blir ført på tilfredsstillende måte. Styret utarbeider årsmelding. Vedtatt økonomiplan, strategi-/ verksemdsplan, rekneskap og årsmelding skal sendast deltakarkommunane til orientering.
5. Styret kan delegerer mynde til eit ev. arbeidsutval og dagleg leiar. Styret sitt instruksjonsmynd er uavgrensa.
6. Styret har ansvar for at SYS IKT har tilstrekkelege ressursar til å utføre pålagde og planlagde oppgåver. Styret skal sjå til at deltakarkommunane oppfyller sine plikter overfor SYS IKT.
7. Styret har ikkje mynde til å ta opp lån.

## **§ 7 DAGLEG LEIAR**

1. Dagleg leiar har det daglege ansvaret for drifta av samarbeidet.
2. Dagleg leiar er underlagt styret, og har møte - og talerett i styret sine møte.
3. Styret - etter nærare avtale med Førde kommune – peikar ut dagleg leiar og fastset nærare retningslinjer for vedkomande.

## **§ 8 PERSONALET**

1. Dagleg leiar tilset personalet elles, og tek i vare elles dei funksjonane som følgjer av arbeidsgjevaransvaret.
1. Førde kommune har arbeidsgjevaransvaret for alle arbeidstakarane i SYS IKT.

## **§ 9 MØTE OG TALERETT FOR ORDFØRAR**

1. Ordførarane i deltakarkommunane har møte - og talerett i styret sine møter jf. kommunelovens § 9 nr. 4.

## § 10 TILVISING OG REVISJON

1. Dagleg leiar tilviser SYS IKT sine utgifter, med unntak av utgifter som vedkjem dagleg leier. Slike utgifter skal tilvisast av styreleiar eller nestleiar.
2. Styret inngår avtale med eigna revisjonsselskap om revisjon av SYS IKT sin rekneskap.

## § 11 ØKONOMISK ANSVAR OG EIGARSKAP I FORMUE

### 1. Eigeomsrett til utstyr.

Eigeomsretten til det utstyret kvar enkelt kommune tek med seg inn i samarbeidet vert liggande hos den einkilde kommunen. SYS IKT får eit koordineringsansvar for vedlikehald av IKT-utstyret i deltakarskommunane i samsvar med servicenivåavtalane.

Deltakarkommunane kjøper og eig sjølve brukarutstyr (PC mm.) og anna utstyr som berre vil bli brukt av ein kommune.

Organiseringa vil krevje ein del investeringar i felles utstyr. Kostnaden vil bli innarbeidd i budsjett/rekneskap for IKT eininga og fordelt mellom kommunane etter reglane om kostnadsfordeling.

### 2. Kostnadsfordeling.

Partane pliktar å dekke kostnadane med samarbeidet i samsvar med avtalt fordelingsnøkkel. For samarbeidsområda skal følgjande fordelingsnøklar gjelde:

Kostnader knytt til økonomisystem (Agresso):	40 % fordelt likt mellom kommunane.
	60 % fordelt etter innbyggartal
For alle andre kostnader	50 % fordelt likt mellom kommunane.
	50 % fordelt etter innbyggartal

Ved utviding av samarbeidet til nye område skal fordelingsnøkkelen også vere 50 % fordelt likt mellom deltakarkommunane og 50 % fordelt etter innbyggartal.

Så lenge enkelte kommunar ikkje tiltrer samarbeidet fullt ut, men ønskjer å kjøpe nærare definerte tenester, må direkte og indirekte kostnader knytt til denne definerte tenesta spesifiserast særskilt i budsjett og rekneskap og danne grunnlag for kostnadsfordelinga for denne tenesta.

Partane er samde om at SYS IKT sitt budsjett skal vere grunnlag for A-konto innbetalingar frå deltakarkommunane kvar månad. Endeleg avrekning skjer når SYS IKT sitt rekneskap for det aktuelle året er vedteke. SYS IKT skal halde deltakarkommunane fortløpande orientert om kostnadsutviklinga (perioderekneskap).

Dersom ein av deltakarkommunane pga personellmangel e.l., bestiller oppdrag hos SYS IKT, som ikkje er omfatta av samarbeidet (rammeavtale/servicenivåavtale), kan SYS IKT fakturere den aktuelle kommunen for reisekostnader og arbeidstimar. Særskilt avtale om timesats skal vere inngått før arbeidet tek til.

## **§ 12 SAMARBEIDET OG DELTAKARANE SINE PLIKTER**

1. SYS IKT utfører oppgaver og leverer tenester til deltakarane etter retningslinjer som er fastsette av styret. Nærare innhald, kvalitet og pris for etablerte tenester, skal fastsettast av styret som grunnlag for servicenivåavtale. Retningslinjer og servicenivåavtale inngår, etter styret sitt samrøystes vedtak, som del av samarbeidet sitt avtaleverk etter §1.

### **2. Kommunane sin bestillar-rolle / IKT-kontakt**

Ein tilsett i kvar kommune skal tildelast ansvaret som IKT-kontakt. Vedkomande skal ha ansvar for oppgåver som å

- Sjå til at samarbeidsavtala og servicenivåavtalar vert følgt opp i eigen kommune og av SYS IKT
- Samla melde inn behov for nye tenester på vegner av kommunen
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt mot SYS IKT.

Styret kan utarbeide instruks og retningslinjer for IKT-kontakten si bestillarrolle.

Nye tenester, system og løysingar skal prioriterast gjennom budsjett og økonomiplan.

### **3. Organisering av fagsystema / superbrukar**

Styret organiserer fagsystemsamarbeidet.

Det skal oppnemnast superbrukarar for dei ulike fagsystema og superbrukarane skal ha definerte arbeidsoppgåver knytt til dette. Styret for SYS IKT er ansvarleg for at det blir utarbeidd retningslinjer / rollebeskriving pr system.

Superbrukarane skal ikkje vere tilsette i SYS IKT, men i deltakarkommunane.

Superbrukarane skal opparbeide seg ein tilstrekkeleg kompetanse på systema som vert brukt. Då mange av kommunane vil ha felles system (t.d. økonomisystemet Agresso), vil det ikkje vere nødvendig at alle kommunane har superbrukar for samtlege system dei brukar.

Kommunane kan samarbeide om superbrukarane. Deltakarkommunane skal søkje å fordele superbrukarane mellom seg, slik at kommunane sine kostnader ved desse rollene jamnar seg ut.

Dersom superbrukar-organiseringa ikkje fungerer, er styret ansvarleg for å etablere ei alternativ organisering av fagsystema.

## **§ 13 VEDTEKTSMYNDE OG ENDRINGAR AV VEDTEKTENE**

1. Desse vedtektene skal vedtakast av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane. Det må gjerast likelydande vedtak i alle kommunane. Forslag til endringar av vedtektene blir fremja av styret og vedtakast etter same prosedyre.

2. Mindre endringar av vedtektene i driftsperioden kan gjerast av eit samrøystes styre.

## **§ 14 NYE MEDLEMER**

1. Eit samrøystes styre kan føreslå opptak av nye medlemmer. Opptak av nye medlemmer kan gjerast av eit samrøystes styre, dersom opptaket ikkje medfører auka utgifter for kommunane. Kommunestyra i deltakarkommunane skal orienterast. Viss opptaket inneber økonomiske konsekvensar, skal spørsmålet handsamast av kommunestyra i deltakarkommunane.

## **§ 15 UTMELDING OG OPPLØYSNING**

1. Ein deltakar kan seie opp samarbeidet med 1 års skriftleg varsel til styret; jf. Kommunelova §27 nr 3. Ein deltakar kan tidlegast tre ut av samarbeidet to år etter at skriftlig varsel er motteke av styret, og kan tre i kraft frå det følgjande årsskiftet.

2. Verksemda kan oppløysast dersom deltakarane er samde om det.

3. Vedtak om å tre ut eller å oppløyse verksemda skal gjerast av kommunestyret i den aktuelle deltakarkommunen.

4. Ved opphøyr av samarbeid skal det skje eit økonomiske oppgjær mellom partane. Det økonomiske oppgjæret skal ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

### **a. Investeringar**

Det blir lagt til grunn at alle investeringar blir nedskrivne lineært over 5 år i SYS IKT sitt rekneskap. Den kommunen som trer ut av samarbeidet, eller går over til kjøp av definerte tenester må betale eit eingongsbeløp svarande til vedkomande kommune sin del av den ”rest verdien” som er på investeringane. Ved fordelinga blir fordelingsnøklane omtalt under §13 lagt til grunn.

### **b. Lisensar og andre løpande avtalar**

Det blir lagt til grunn at lisensar m.m. er løpande avtalar som kan tilpassast talet på deltakarkommunar før ein kommune trer ut av samarbeidet / går over til kjøp av definerte tenester. Dersom desse avtalane har lang oppseiingstid, eller dette av andre grunnar ikkje er mogleg, må den kommunen som trer ut av samarbeidet / går over til kjøp av definerte tenester, også betale eit eingongsbeløp som dekker vedkomande kommune sin del av slike kostnader. Også her skal fordelingsnøklane omtalt under §13 leggjast til grunn.

## **§ 16 KONFLIKTLØYSING OG TVISTEMÅL**

1. Dersom det oppstår konfliktspørsmål som faggruppene ikkje klarer å løyse på eiga hand, skal spørsmålet oversendast styret for vidare handsaming og avgjerd.

Dersom det oppstår konfliktspørsmål som ikkje kan løysast innafor ramma av samarbeidsavtalen, kan, dersom partane er samde om det, avgjerast av fylkesmannen.



Dersom ein kommune ikkje finn å kunne innrette seg, kan årsmøte med 2/3 fleirtalsvedtak vedta at samarbeidet med vedkomande kommune skal opphøyre.

2. Oppseiing og ev. oppløysning av samarbeidet kan bringast inn for departementet jf. kommunelova § 27 nr.3, andre lekken.

----- 0000 -----

Godkjenning:

Avtale er godkjent av samarbeidskommunane Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Høyanger og Gulen.

Avtalen blir underteikna av ordførarane i deltakarkommunane.

For Hyllestad kommune  
Dato.....  
.....

For Askvoll kommune  
Dato.....  
.....

For Fjaler kommune  
Dato.....  
.....

For Solund kommune  
Dato.....  
.....

For Naustdal kommune  
Dato.....  
.....

For Høyanger kommune  
Dato.....  
.....

For Jølster kommune  
Dato.....  
.....

For Førde kommune  
Dato.....  
.....

For Gaular kommune  
Dato.....  
.....

For Gulen kommune  
Dato.....  
.....

Versjon 12.05.09